

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Med heimel i Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel gis det ikkje samtykke til etablering av nytt handelsareal i Eitrheimsvågen. Etablering av detaljhandel som reguleringsplanen opnar for er ikkje i samsvar med føresegna §4.1 i den regionale planen, og fell ikkje inn under unntaksreglane. Dersom føresegnene i reguleringsplanen vert endra til å omfatte berre unntaksvarene nedfelt i regional plan, vert det ikkje behov for samtykke.»

Røysting

Innstillinga vart vedteke med 13 røyster (A, Sp, 1 KrF, V, FrP og H) mot Oen sitt forslag som fekk 2 røyster (SV og 1 KrF) og fall.

Vedtak

Det vert gjeve samtykke til etablering av nytt handelsareal i Eitrheimsvågen. Dette vert begrunna blant anna med Odda sin spesielle geografi, der kommunesenteret er svært tett utbygd. I tillegg viser vi til dei freda bygningane som tek opp store delar av Odda sentrum. Disse må skjermast frå nye store handelshus som ikkje er tilpassa miljøet på Smelteverksområdet.